



## Årsmelding Bu og Ringøy bygdekvinnelag 2018/19

Årsmøtet vart halde i Grannaheimen på Ringøy tysdag 20. november 2018. 20 personar møtte. Gerd ynskja velkomen og opna møtet med dikt av Olav H. Hauge; Haust 1 og Haust 2. Møtet starta med eit hyggeleg og godt måltid, der tapas stod på menyen også i år. Dette er no ein flott tradisjon. Det vart sendt ut personleg invitasjon til alle damene i bygda (ca 56 invitasjonar) med fine kort frå Norges bygdekvinnelag. Årspengane vart sett til kr 300,-.

### Styret i 2018/2019 har vore samansett slik:

|                               |                               |                           |
|-------------------------------|-------------------------------|---------------------------|
| Gerd Rosten Bu                | - leiar                       |                           |
| Solfrid Seljestad             | - nestleiar                   |                           |
| Linda Ågotnes Kaland          | - kasserar                    |                           |
| Trude Lægreid Rinaldo         | - skrivar                     | På val - tek attval       |
| Kari Helland Bu               | - medlem                      | På val - tek attval       |
| Hilde Margrethe Bleie Kvalvik | - 1. vara, møter på styremøte | På val - tek ikkje attval |
| Kjellrun Tveisme              | - 2. vara                     | På val - tek attval.      |

- Det har vore 4 styremøter i laget i 2019.
- Laget har hatt 22 medlemmer i 2019.

### AKTIVITETAR/ OPNE MØTER 2018/2019

#### Medlemsmøte i Grannaheimen - torsdag 21.februar 2019




Medlemskveld der Ringøy/Bjotveit hadde ansvar. Tema : Plantefarging ved Nina Herland. Ho viste og fortalde om det å laga naturfargar, og så korleis ein fargar ullgarn.

#### Fastelavenssundag på Bu - 3.mars 2019

Her var det grendatreff i grendahuset på Bu med sal av betasup, kaffimat og fastelavnsbollar.

#### 50-års jubileum for Blome- og kakebasar på Ringøy - søndag 2. juni 2019

Ordførar Solfrid Borge kom, med ordførarkjede på, og helsa oss med gratulasjonar og stor jubileumskake. Tusen takk!



Faste ansvarsgrupper:

**Baking:** Alis Bjotveit og Gerd Rosten Bu

**Blomane til auksjonen:** Marit Bu Oppedal og Solfrid Instanes Seljestad.

**Dokke med klær og utstyr:** Anna Gudrun Tveisme

**Lappateppe:** Marta Soldal

Frå laget var Hilde Margrete Bleie Kvalvik, Kari H. Bu og Trude Lægreid Rinaldo vald inn i komiteen. Total inntekt i 2019 var kr 70.665,- brutto. Laget får 1/3 av netto inntekter.

### Jonsokfeiring - torsdag 13. juni 2019



Arrangert av bygdekvinnelaget ilag med foreldre til brureparet. Det var Ingeborg Kvalvik og Anton Kvalvik som var brudepar. Det var fest i kjellaren i Grannaheimen. Bygdekvinnelaget v/ Alis Bjotveit kokte graut til festen. Etterpå var det gamle tradisjonsleikar oppe, også ved Alis. Etterpå gjekk Jonsokfylgje frå Grannaheimen bort til Gamleskulen og deretter Øyrestein med leik og grilling, tradisjon tru. **Bygdekvinnelaget har ansvar for brurabunad og kruna som er til utlån for jonsokfeiringa.**

## Dugnad på Landsfestivalen i gammaldansmusikk i Kinsarvik 7.- 11. august 2019

Kinsarvik bygdekvinnelag saman med Bu og Ringøy bygdekvinnelag fekk i oppdrag å driva kantine for dei ca 300 som jobba frivillig dei dagane festivalen varte (7.-11. august). Sidan det var lange dagar og mange vakter, måtte me også spørja folk utanfor laga om å vera med på dette. På skulekjøkenet vart det kokt betasuppe og smurt baguettar frå 7 om morgongen til 6 om kvelden. Dessutan vart det servert kaffi/te og kringle. I tillegg stod bygdekvinnelaget for steiking og sal av mjølkekaker i festivalen sitt mattelt.

## Medlemsmøte 17.09.19 på Bu.

### Tema: 90-års jubileumsfeiring

Gerd opna møtet med å lesa ei historie av Helene Bu frå lagsbladet.

Jubileumsfesten skal vera laurdag 19. september 2020. Det skal vera marknad på dagtid ved skulestova på Bu og fest i Grannaheimen på kvelden. Det er sett ned eigen programkomite som er godt igang.

## 9. oktober 2019 : Medlemstur til Hardanger Folkemuseum på Utne for å sjå på den fantastiske utstillinga: 1000 bringklutar.



Mellom anna er mange av bringklutane som Amund K. Bu samla med, og stor del av denne utstillinga. Mange vart med på denne turen, og Agnete Sivertsen opna dørene spesielt for oss, og fortalde mykje om bringklutane og historia .

## Skautefelling.

Prosjektet med skautefelling held fram, med Hardanger og Voss folkemuseum med Agnete Sivertsen i spissen.

## Diverse:

- **Baking:** Styret har fått tilbakemelding om at det er litt vanskeleg å få nok bakarar. Kva kan me gjera betre til neste år?
- **Lappateppe** til Blome- og kakebasaren 2020.
- **Gåve til kakelotteri.** Spørsmål om gåve til kakelotteriet som Ullensvang skulemusikk har i forbindelse med farsdagen. Det vil me, og me sponsar med ein pose med 10 krotakaker frå Gudrun.
- **Gåve til Varden 4H sitt 50-årsjubileum.** Bygdekvinnelaget har bestemt å gje ei gåve på kr 5000 til 50 -årsjubilanten. Den vart delt ut på festen av representantar frå styret .

Skrivar Trude Lægreid Rinaldo